

Sak 08-20 Vedtak i medhald av renovasjonsforskriftene § 2.3 ledd redusert gebyr ved lang avstand til oppsamlingseining.

Tilråding til vedtak

Styret vedtek å gi 25 % redusert gebyr til oppsitjarar som bur langs kommunal veg og har lenger enn 300 meter til der renovasjonsbilane tømmer oppsamlingseining.

Saksutgreiing

I Renovasjonsforskriftene som vart vedtekne sommar / haust 2019, var det i høyringsframlegget drøfta spørsmål om redusert gebyr for dei som bur langs kommunal veg og med minst 300 meter leveringavstand til der renovasjonsbilane køyrer. Det gjeld og dei med levering til fellesbeholdar med same avstand. Der kom ikkje negative merknader inn til forslaget. Det var VØR som var forslagstillar til dette som nytt punkt 7d). Vi fremja det som ein del av arbeidet med å sy saman «det beste frå» NOMIL og VØR sine forskrifter.

Av ein inkurie vart det ikkje med i det forslaget som vart vedteke, men likevel nemnt i saksframlegget til godkjenning. Formelt er det likevel ikkje vedteke og dermed ikkje ein del av gjeldande forskrift.


Eg har drøfta situasjonen med representantar for kommunane, og tilbakemeldinga derifrå er at dette prinsipielle punktet kan handsamast som § 2.3 ledd sak av styret, då saka tross alt har vore med i høyringsutkastet til forskrifta, og det kom ikkje inn merknader til det i høyringsprosessen. Derav denne saka.

Konkret gjeld det fem abonnentar. Fire leverar til samlebeholdar då dette ikkje er vintersveg med våre bilar. På sommarføre kan der køyrast sjølv om det ikkje er ynskjeleg. Den femte abonnenten leverar til eigen behaldar ved fylkesvegen, då kommunal veg ikkje kan køyrast pga. akseltrykk og vegbreidde.

Renovasjonsgebyret er samansett og skal dekke fleire funksjonar. Behaldarkostnad, sekk og pose kostnad til matavfall og plastavfall, tøming/ innsamling av innhaldet, som det i dette tilfellet vert kompensert for, omlasting / levering av dette til sluttdisponering, lovkrav om fri levering av farleg avfall inntil 1000 kg, rente, avdrag og drift av miljøstasjon, arbeidsleiing, fakturering/ administrasjon og informasjonarbeid.

Innsamlingskostnaden for VØR inkludera utkøyring frå VØR, innsamling gjennom dagen, og retur til VØR med lass, tøming av dette og vask og tanking av bilen, klart for neste dags tur. Denne kjem fram ved å summere alle kostnader til bildrift for så å dele på totalt mengde behaldarar som vert tømt på eit år. Ein husstand har 54 tømingar pr. år. Mat 26 gangar. Papir 12 gangar. Rest 12 gangar og glas 4 gangar. Kostnad for tøming av behaldar hos ein husstand, vert etter dette kr 702,- pr. år som igjen er 25 % av gebyret, rekna frå standargebyret på kr 2495,20.

Så bør det i høve fakta i saka, gjerast ei skjønns messig vurdering kor stor innsparinga er frå omkøyringa. Dette er ei matematiske tilnærminga som ikkje gir dei store summene. Utifrå signal frå styret som har høve til å nytte skjønn, rår eg til å nytte 25 % rabatt til dei dette gjeld.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar